



Lars-Fredrik Sæthre

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/3207 - 18/26687

Saksbehandlar:

Trygve Solberg

Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:

31.08.2018

## Avvist klage på gebyr ved handsaming av endringsløyve - gbnr 145/26 Fosse indre

Lindås kommune viser til klage datert 15.08.2018 på krav om gebyr ved handsaming av byggesak.

Det vart gjeve løyve til endra plassering av garasje i vedtak 17/3207 datert 09.08.2018.

Dette etter at innmålingsrapport datert 29.06.2018 viste endra plassering av garasje jf. vedtak datert 09.11.2017.

I samsvar med Lindås kommune sin gebyrforskrift for 2018 vart det sendt ut gebyr på kr. 4.700,- . Gebyr for handsaming av sak om endring av gitt løyve går fram av gebyrforsrifta punkt 10.2.7.

### Vurdering:

Gebyret som er gjeve i saka er gjeve med heimel i dei vedtekne gebyr- og betalingssatsane for 2018 som er vedtatt av kommunestyret 14.12. 2017 for Lindås kommune.

I fvl § 33 2.ledd står det at «*Underinstansen skal foreta de undersøkelser klagen gir grunn til. Den kan oppheve eller endre vedtaket dersom den finner klagen begrunnet. Dersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. dog § 31.*»

Garasjen ble plassert i kartet av vår geodataavd. etter opplysninger i søknad vedlagt situasjonsplan datert 27.10.2017.

Vedlagt søknad om ferdigattest var innmålingsrapport frå Medaas oppmåling datert 29.06.2018, som viste at «tiltaket er vridd litt i forhold til situasjonsplanen. Tiltaket er plassert nærare nabogrenser enn vist i situasjonsplanen».

Etter at eigar av gbnr 145/7 i erklæring hadde godteke plassering av garasjen mindre enn ein meter frå nabogrensa, kunne Lindås kommune 09.08.2018 gi vedtak om endra plassering av tiltak.

Etter dette kunne Lindås kommune 10.08.2018 gje ferdigattest på garasjen.

På denne bakgrunn finn ein å avvise Dykkar klage om pålagt gebyr utan vidare handsaming.

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



**Vedtak:**

Klage datert 15.08.2018 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen ikkje gjeld eit enkeltvedtak, jf. fvl § 28 1.ledd.

**Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klagerett:**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Lars-Fredrik Sæthre